**Statens vegvesen**

AUKRA KOMMUNE
SVNO
Dato 18.2.15
Arkivnr. L12
Sak. nr. 14/1105-20

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/innvalgsnr: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Vidar Neraas - 71274773 | 2014/115812-006 | 2014/1105-16/L12 | 10.02.2015 |

# Uttale til 1. gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nautneset vest

Statens vegvesen viser til kunngjøring om offentlig ettersyn for reguleringsplanen for *Nautneset vest*.

Statens vegvesens ansvar i planarbeidet er først og fremst knyttet til arealbruken langs riks- og fylkesveger. Vi har også ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Rikspolitiske retningslinjer for samordnet bolig-, areal – og transportplanleggingen, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.

## Saksopplysninger

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for en utvidelse av Aukra overnatting, samt omlegging av atkomstveg til hotellet- og industrivirksomheten på Nautneset.

## Arealpolitiske føringer for planarbeidet

Det er flere dokumenter som gir føringer for dette planarbeidet med tanke på areal- og transportplanlegging. Vår vurdering og uttale bygger på blant annet disse:

- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg
- Nasjonal gåstrategi
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Fylkesplan for Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkeskommunens strategier; for syklende og gående, kollektiv, trafikktrygging.
- Statens vegvesens normaler, retningslinjer og veiledninger
- Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

**Vår vurdering av planforslaget**

Arealbruk

Planområdet er i gjeldende kommuneplan avsatt til fremtidig industri-, LNF- og naustområde. Aukra overnatting er allerede etablert her, og utvidelsen har til hensikt å tjene arbeidere både på industriområdene i området og økt behov i perioden med utbyggingen på Nyhamna. Statens vegvesen har ingen merknader til planlagt arealbruk.

Vegsystem

Vegene innenfor planområdet er kommunale. Det er Aukra kommune som er vegmyndighet for kommunale veger, men vi har likevel følgende merknader/anbefalinger:

Det er ikke inntegnet frisiktsoner i kryssene mellom de kommunale vegene. Trafikksikkerhetsmessig er det viktig at plankartet viser frisiktsoner og at det knyttes en juridisk bindende bestemmelse til dem slik at frisikten blir ivaretatt. Reguleringsbestemmelsen kan formuleres på følgende måte:

> *Innenfor frisiktsonene skal eventuelle sikthindringer ikke være høyere enn 0,5 m over primærvegens kjørebanenivå.*
>
> *Enkeltstående trær, stolper og liknende, som ikke er sikthindrende, kan stå i frisiktsonene.*

Avkjørslene må vises i plankartet med pilsynmboler og det må knyttes en bestemmelse til at de må utformes i henhold til kravene i håndbok N100.

Arealet som er avsatt til annen veggrunn synes noe knapt for å kunne ivareta vegens arealbehov (grøfter og skråningsutslag til skjæring /fylling). Vi anbefaler at arealet avsatt til annen veggrunn utvides til å omfatte dette.

Kjøreveger og gang- og sykkelveger bør benevnes i plankartet for å bedre plankartets lesbarhet.

Byggegrense

Det er ikke regulert byggegrense mot vegarealet. Vi gjør oppmerksom på at dersom det ikke reguleres byggegrense mot veg er det veglovens bestemmelse om byggegrense som er gjeldende, jf. vegloven § 29.

Plan- og trafikkseksjonen
Med hilsen

Lisbeth Smørholm
Seksjonsleder

Vidar Neraas

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, HER
Møre og Romsdal fylkeskommune, HER

**Aukra kommune**
**Serviceavdelinga**

# Notat

| Vår ref: | Dykkar ref: | Saksbehandlar | Dato |
|---|---|---|---|
| 2013/281-47/033 | | Martina Susanne Böttcher | 19.02.2015 |

Til:
Svein Rune Notøy

## Uttale frå Rådet for likestilling av funksjonshemma: Reguleringsplan Nautneset vest

| | |
|---|---|
| 7/15 | **Reguleringsplan Nautneset vest**<br><br>Saksprotokoll for RLF i møte 18.2.2015<br><br>**Behandling**<br>**RLF** satt fram følgjande forslag:<br>Rådet for likestilling av funksjonshemma ønskjer gang- og sykkelveg parallelt frå Falkhytten til Nautneset. Nautneset er eit industriområde med stor aktivitet. Det er viktig å skilje mjuke og harde trafikkantar.<br><br>Forslaget frå RLF vart samrøystes vedtatt. Uttale vert sendt over til administrasjonen.<br><br>**Vedtak**<br>Rådet for likestilling av funksjonshemma ønskjer gang- og sykkelveg parallelt frå Falkhytten til Nautneset. Nautneset er eit industriområde med stor aktivitet. Det er viktig å skilje mjuke og harde trafikkantar. |

Rett utskrift 19.2.2015

Martina Susanne Böttcher
Sekretær for Rådet for likestilling av funksjonshemma

Jeg har fortsatt den mening at en permanent plassering av brakkeriggen til Aukra Overnatting (A.O.) ikke skal være på Nautneset.Bråk fra festing og utrygghet er ikke forenlig med et godt bomiljø.

Ser at hagen min er i gul støysone på estimert trafikkøkning.Dette er ikke forenlig med sommer og uteliv.

Nå må politikerne ta hensyn til underskriftskampanjen (vedlegg) og folkeviljen.Dere er valgt av folket og skal være folkets røst innad i administrasjonen.Så bruk sunn fornuft og ta hensyn til oss som bor i bygda og kommende generasjoner.

Fylkesmannen ønsker at det ved offentlig ettersyn blir gjort greie for kapasitet og behov for overnatting i området.Er det nok at A.O. sier behovet er der uten å kunne dokumentere det ?

Det kommer heller ikke frem hvilke negative og positive konsekvenser annen plassering har. Dette må også dokumenteres.
Fylkesmannen ønsker også at kommunen vurderer alternativ plassering.

Det må også kreves en tidsfrist for flytting av alle brakkene vestover. Maks 2år bør være kravet.Ellers er faren stor for at brakkene blir stående slik de står idag.

Vegen mot Bakkemyra må også anlegges innen 2år og dagens veg kun til bruk av oss som bor her. Da kan vegen over myra kuttes ut. Gangveg må også komme nå.

Støyskjerming/jordvoller mot veg/brakkerigg bør bygges.

Ser av sakspapirene at det er avholdt flere møter mellom Aukra Overnatting og Aukra Kommune der de har fått tale sin sak. Informasjon og møter med naboene har det ikke vært i denne saken.

Blir reguleringsplanen vedtatt så er innløsing av min eiendom fortsatt et krav fra meg.

Med hilsen
Anita Nautnes
Nautnesvegen 106
6480 Aukra

3 vedlegg

# UNDERSKRIFTSKAMPANJE MOT PERMANENT PLASSERING AV BRAKKERIGGENE TIL AUKRA OVERNATTING PÅ NAUTNESET.

Mari Hollingen
Ingar Hollingen
Harald O. Hogseth
Ingeborg E. Hogseth
ÅSE PEDERSEN
Anna Marie Sporsheim
Bernt Holme
Geir B. Nautnes
Ann Sølvi Nautnes
Stian Marius Sørensen
Evy Sørensen
Lars Sverre Nautnes
Tore Pedersen
Wenche S. Pedersen
Svein Erik Nautnes
Åslaug Vestavik

UNDERSKRIFTSKAMPANJE MOT PERMANENT PLASSERING AV BRAKKERIGGENE TIL AUKRA OVERNATTING PÅ NAUTNESET.

---

Geir Varhaugvik

Inger Halldis Olsen

Terje Olsen

Frank Even Helle

Anne Mari Hjertvik

Harriet Birkelund

Bjørn Pedersen

Hilleborg Maursel

Jan Egil Pettersen

Rune Rikstjord

Rune Olaus Rikstjord.

Sigurd Julnes.

Kenneth Tarbes

Asbjørn Varhaugvik

M. Jolhom

Lithon A.

UNDERSKRIFTSKAMPANJE MOT PERMANENT PLASSERING AV BRAKKERIGGENE TIL AUKRA OVERNATTING PÅ NAUTNESET.

---

Mari Hollingen
Ingar Hollingen
Harald O. Hogseth
Ingeborg E. Hogseth
Åse Pedersen
Anna Marie Sporsheim
Bernt Holme
Geir B. Nautnes
Ann Sølvi Nautnes
Stian Marius Sørensen
Evy Sørensen
Lars Sveinung Nautnes
Tore Pedersen
Wenche S. Pedersen
Svein Erik Nautnes
Åslaug Vistevik

Evy & Stian Marius Sørensen

Nautnesvegen 136

6480 Aukra

Aukra, 11.mars 2015

Aukra Kommune

v/ Plan og utvikling

6480 Aukra

REGULERINGSPLAN FOR NAUTNESET VEST

Vi viser til reguleringsplanen for Nautneset vest – 1. offentlige høring, og har følgende merknader:

Vi er sterkt uenige i den permanente planen for utvidelse av brakkeriggen i Nautneset vest. Det var kun ment som en midlertidig ordning, og har etter vår mening allerede vært en prosess som har tatt alt for lang tid. Våre erfaringer nå som småbarnsfamilie er at det allerede pr. i dag er utrygt for våre barn å ferdes langs veien. To av våre barn går på skolen, og det er med "hjertet i halsen" at vi av og til må la de gå hjem fra skolen. Dette på grunn av manglende gangfelt, mye trafikk / tungtransport og til dels høy fart. På grunn av dette føler vi at de må kjøres og hentes for at deres skolevei skal være trygg. Det er også ikke noe skolebusstilbud som barna kan benytte seg av, selv om regelverket sier at barn i 1.klasse har rett til fri skoleskyss uansett. Vi er også redd for den dagen de har "lov" til å begynne å sykle til og fra skolen og ellers i fritiden, på grunn av utrygg vei. Å sende barna i morgenmørket til skolen, med så mye trafikk det er her nå er helt uaktuelt for oss pga at det er for farlig. Denne situasjonen vil bare bli enda verre dersom utvidelsen av brakkeriggen blir gjennomført.

Om disse reguleringsplanene blir satt i verk, krever vi at veien blir lagt om fra Nautneset mot Bakkemyra, slik som foreslått, samt at det kommer gang- og sykkelvei fra Falkhytten til Nautneset. Pr. i dag stopper gangveien ved boligfeltet Falkhytten sør, noe som også får oss til å undre over om våre barns skolevei ikke er like viktig som andres??!!! Vi mener dette skal prioriteres før en eventuell utvidelse av brakkeriggene.

Håper dere kan høre litt på oss med barn som bor i Nautneset også. Vi har ingen å miste.

Mvh

Evy & Stian Marius Sørensen

Til
Svein Rune Notøy
Arealplanlegger.

KLAGE PÅ REGULERINGSPLAN FOR NAUTNESET VEST.

Det er utrolig at ikke naboene blir hørt i denne saken,det blir holdt møte på møte med utbygger,men ikke en henvendelse til naboene, tross stor oppslutning om underskriftskampanjen.Vi blir overkjørt,ingen bryr seg.
Hvor er politikerne ?

Hva slags industri er en brakkerigg (industrihotell) som gjør at den skal ligge i et industriområde ?
Når anlegget skal utvides med flere rigger,så burde disse etableres på et egnet sted og samtidig avvikle anlegget på Nautneset.

Kan ikke skjønne at behovet er så stort heller,Shell har egne rigger,utbygger på Nyhamna bygger ut egen overnattingskapasitet og Vard er av og på på grunn av mangel på kontrakter.
Dette er bare et argument for at riggene skal bli stående.

Trafikken til Nautneset ar stor og det kjøres ganske fort etter vegen der både på hverdager og ikke minst i helgene.
Vi har barnebarn som må kjøres til og fra skolen hver dag,og sånn vil vi ikke ha det i framtiden.
Ser at plansjefen opplyser (i avisen) at brakkene skal flyttes 100 meter mot vest,noe som ikke går frem av reguleringskartet.Burde ikke det vises på kartet ?

Dere burde tatt dere en tur til Tomrefjord og se hvordan Langsten har plassert sine brakkerrigger,uten sjenanse for naboene.
Det går an hvis viljen er tilstede.

Hilsen
Ann Sølvi og Kjell Bjarne Nautnes

---

Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast

www.avast.com

AUKRA KOMMUNE
SVNO
Dato 13.03.15
Arkivnr. L
Sak.nr. 14/1105-25

Geir Varhaugvik
Nautnesvegen 88

6480 AUKRA

Aukra Kommune
Aukraringen 25
6480 Aukra

12.mars 2015

# MERKNADAR TIL REGULERINGSPLAN FOR NAUTNESET VEST

Viser til motteke brev av 22.1.2015 og til våre merknader i brev av 19. august 2014.

Sidan eg saknar kommentar til nokon av merknadene i brev av 19.8.2014 blir desse igjen teke med.

Eg er kjent med at kommunen sin arealdel av kommuneplana er under revidering. Ville det ikkje være ein fordel om ein fekk sjå totalbildet for utviklinga av området, før meldte reguleringsplan kom opp til handsaming?

Busette i området har gjennom to tidligare politiske vedtak fått signal om at dette tiltaket ikkje varig skal plasserast i området. Likevel opplever vi at plasseringsspørsmålet blir løfta opp, og prøvd igjen og igjen, utan at nye moment har kome til. Er ikkje hensikta med slike politiske planvedtak, nettopp å gje berørde partar forutsigbarheit i forhold til framtidig utvikling av nærområdet og eigne val?

I gjeldande kommunedelplan for Nautneset – Falkhytten – Hukkelberg sine retningsliner er det sagt følgjande: " Dagens tilkomstveg til Nautneset går gjennom bustadområde og er smal og svingete. Med auka aktivitet på industriområdet og småbåthamna er det naudsynt med betre vegstandard. Ny adkomstveg **skal** difor byggast med breidde meter slik at den blir betre tilpassa store køyrety".

Eg viser dei juridisk bindande reguleringsføresegnene, og stiller spørsmål til om plana då er i konflikt med desse i forhold til punkt 4.2 "Ny atkomsveg til Nautneset (alt. 2) skal etablerast før området S6 eller industriområdet utvidast.

Stikkvegen som no er vist i reguleringsplana over myra er tilnærma lik alt. 2, men i kommunedelplana startar denne derimot i motsett ende av Gamlevegen og går parallelt med denne. Då med ein breiare vegbane slik det er omtalt i retningslinene.

Vidare viser eg også til same punkt 4.2 og til følgjande føresegn...."Nye utbyggingsføremål i strandsona med unntak av naust, marina, hamneføremål og næringsverksemnd med særleg trong for lokalisering til sjø, kan ikkje plasserast nærare sjø enn 50 meter." Utbygginga slik den no er skissert ser ut til å ha ei nærare plassering til sjø og vil då være i strid med dette punktet.

Tiltakshavar har gjennom alle desse åra med dispensasjon nytta ulike argument for akkurat denne plasseringa, utan at substansen i desse har vore vurdert.

Plassering på Nautneset har tidligare blitt argumentert for, grunna nærleiken til eventuelt nytt framtidig hotell. Dette støttes, jfr. referat nedanfor, **ikkje** av annen tiltakshaver, Erik Berg.

***i referat fra møte den 20.11.2012 vedlagt i tidligare Kommunestyresak gjekk følgjande fram:***
*I en kommentar på side 2,sier Erik Berg følgende, til slutt: "Understreker at det ikkje er noko kobling mellom Aukra Overnatting og eit framtidig hotell".*

Vidare har det tidligare og blitt vist til samhandling med Nyhamna. Den gongen fekk vi frå operatør på Nyhamna opplyst at slik overnattingskapasitet vart rigga innafor eige område i nærleiken av anlegget. Tidligare påstandar om samarbeid mellom Aukra overnatting og operatør på Nyhamna har altså då blitt avvist frå AS Norske Shell.

I framlagte reguleringsplan er det presentert planar om ei dobling av dagens kapasitet med nye 176 overnattingsplassar. Det blir no igjen vist til auka aktivtet på Nyhamna som begrunning for denne utvidinga. Behovet for auka kapasitet på Nyhamna er midlertidig, og knytt til ny utbygging. Denne vil sannsynleg være omme før utvidinga av Aukra overnatting sitt tiltak er på plass.

Det blir peika på at eigna areal som kan samhandle med kjøkkenfunksjonen til Aukra hotell og forretningsdrifta elles til Aukra Overnatting ikkje er funne.

Eventuell samhandling med Aukra hotell sin kjøkkenfunksjon må basere seg på frakting med bil. Med anna plassering ville kjørelengda for dette auka med nokon kilometer. So langt eg er kjent med skjer dette også i dag når middag blir brakt frå Aukra hotell til Vard Aukra kvar arbeidsdag. Ut frå eit miljømessig omsyn ville eg tru det var ein fordel dersom ein frakta maten noko lengre, i staden for å flytte 180/360 tilsette fram og tilbake to gonger for dag den same strekninga.

I vurderinga av negative og positive konsekvensar kan ein få innrykk av at dette berre er gjort i forhold til tiltakshavar. Som part i saka har vi ikkje vore invitert i møte med Aukra kommune, for å belyse våre syn på saka. I tråd med praksis for god sakshandsaming skal vurderingane av negative og positive konsekvensar gjerast for alle berørde partar. Saka si utgreiing seier ikkje noko om dette er gjort, og heller ikkje kva positive og negative konsekvensar som har vore vurdert opp i mot kvarandre.

Vidare blir våre merknader lett tilbakevist ut frå kommentarar gjeve frå Aukra overnatting. Dei viser mellom anna til at det er svært strenge ordensreglar knytt til opphald. Det er muleg at dette er tilfelle, men desse blir berre sikra overhaldne ved sporadiske ettersyn frå drivar og at naboar ved uro og nattebråk må ringe eit vaktnummer som drivarane har gjeve opp.

"Hotellet" har ikkje betjent resepsjon, nattevakt eller brannvakt.

Den andre grunninga vi ser blir gjeve for å rå til valte plassering, er at tiltakshavar ønskjer dette. Kan dette brukast som grunn for å tilrå tiltaket? Vil ikkje alle reguleringsplanar være tufta på eit ønske frå tiltakshavar. So er det vel opp til utøvar av mynde å vurdere om det er tungtvegande grunnar for at dette ønskje kan rådast til?

Til mine merknader om kvalitet på bumiljøet opplever eg å få ein noko lettvint og overfladisk kommentar i følgjande uttale: "At det bur folk i eit sentrumsområde permanent eller for kortare eller lengre periodar er noko ein må rekne som naturleg og noko ein må akseptere"

Dette er ikkje ei "naturleg busetting" med familiar som ein kan skape eit fellesskap og utvikle nærområdet saman med. Vi ønskjer velkomme ei "naturleg" busetting, dette går fram ved at fleire av naboane fleire høve har meldt si interesse i å leggje ut bustadsområder, og slik skape busettingslyst og ny vekst i området.

Eg etterlyser barnerepresentant sine uttale i tråd med plan- og bygningsloven § 3-3.

Dersom plana blir vedteke vil det bli sett fram krav etter plan og bygningslova sin § 15-3 i forhold til kommunen og eigar av eigedommen.

Med helsing

Geir Varhaugvik

Geir Varhaugvik

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Saksbehandlar, innvalstelefon
senioringeniør Kristin Eide, 71258135

Vår dato
11.03.2015
Dykkar dato
22.01.2015

Vår ref.
2014/5840/KREI/421.4
Dykkar ref.

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

AUKRA KOMMUNE
SVNO
Dato 13/3-15
Arkivnr. L12
Sak. nr. 14/1105-26

**Aukra kommune**
**Reguleringsplan Nautneset vest**
**Fråsegn til offentleg ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**
Kommunen bør konkretisere føresegnene i § 2.1, som gjeld plankrav. Det blir gitt lite konkrete rammer for byggesak dersom ein berre listar opp kva situasjonsplanen skal innehalde.

**Natur- og miljøvern**
Støytilhøva er utgreia i støyrapport frå 19.01.2015. Det er ingen støykjelder som overstig støykrav gitt i T-1442/12 i området.

Naturverdiane i området er vurdert etter naturmangfaldslova, og tiltak for å sikre ein viktig naturtype og lokalt viktige arter er arbeidd inn i planen.

Dersom ein nyttar omgrepet *bandlegging*, så må området vere bandlagt etter anna lovverk. Det er ikkje tilfelle for arealet N1, og plankart og føresegner må justerast deretter. Slik vi ser det vil N1 ha godt vern ved at det får føremål *Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* i plankart og føresegner. Kommunen må vurdere om omsynssone også er overflødig for N1.

Strandsona har i plankartet fått føremål *friluftsområde* (F1), som er eit underføremål til LNF - med vekt på friluftsføremål. I føresegnene § 7.1 har same areal fått nemninga *friområde*, som er eit underføremål til føremål grønstruktur. Kommunen må sørgje for at plankart og føresegner er eintydige.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung. samordnar

Kristin Eide
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2014/1105 | 22.01.2015 | 10624/2015/REGULERINGSPLAN/1547 | Anders Røynstrand, tlf. 71 25 82 90 | 13.03.2015 |

-

# Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Nautneset vest - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Automatisk freda kulturminne**
Kommunen har sikra vern av dei automatisk freda kulturminna (steinaldersbuplassane) på ein akseptabel måte, sjølv om den nye vegen deler området i to. Avstanden mellom den austlegaste av lokalitetane og dei andre er i dette tilfelle så stor at det bør kunne fungere.

Reguleringsføresegnene § 5.1 er i samsvar med våre innspel. Når det gjeld § 2.5 i føresegnene, bør det gå fram at planen inneheld automatisk freda kulturminne som er sikra, og at det som no er omtalt i § 2.5 gjeld dersom det blir gjort funn elles i plan-området.

Vi ber også om at dei automatisk freda kulturminna blir gjerda inn i anleggsfasen, eventuelt med eit alpingjerde. Dette bør også gå fram av reguleringsføresegnene slik at det ikkje ved eit uhell skjer ulovlege inngrep, uheldig køyring e.l.

**Samferdsel**
Planomtalen har ein kort gjennomgang av trafikktilhøve og kollektivtrafikk/skuleskyss for skuleborn i området. Planomtalen går ikkje inn på ferdsel mellom Aukra overnatting og sentrumsområdet på Falkhytten. Vi reknar med at ein del av dei som er innkvartert på industrihotellet ikkje disponerer eigen bil og ferdast til fots ut frå hotellet. Vi saknar difor ei vurdering av behovet for separat løysing for gåande og syklande ned til Nautneset. I planforslaget er berre to isolerte parsellar regulert til gang-/sykkelveg. Dette er ikkje i tråd med kommunedelplanen for Nautneset-Falkhytten-Hukkelberg, som viser parallell framtidig gang-/sykkelveg langs det meste av Nautnesvegen.

Ei heilskapleg løysing for mjuke trafikantar vil vere viktig for trafikktryggleiken for dei som er busette ved Naustneset, samt legge betre til rette for allmenta sin ferdsel ned mot Nerbøvågen og/eller Nautneshalsen. Kommunen har gjennom planforum signalisert at aksen frå sentrum ned mot Varhaugvika/Varhaugen vil vere viktig i ny kommuneplan, og andre korridorar enn Nautnesvegen kan såleis vere aktuelle for å tilrettelegging for ferdsel til fots og på sykkel. Kommunen sin strategi bør klargjerast også i samband med denne detaljreguleringa.

**Barn og unge**
Vi viser til drøftinga over om tilrettelegging for mjuke trafikantar, noko som også har stor betyding for oppvekstmiljøet for barn og unge i området. Dette bør difor kvitterast ut i planomtalen pkt. 5.7 om verknader for barn og unge sine interesser.

**Planfagleg vurdering**
Planomtalen viser kort til vurderingar av alternative lokaliseringar av Aukra overnatting sit verksemd, og møte om dette. Ein har kome til at «noverande plassering på Nautneset er den mest hensiktsmessige». Planomtalen bør klargjere kven plasseringa er hensiktsmessig *for*, samt beskrive dei negative og positive konsekvensane konkret.

Vi ser positivt på at den næraste strandsona i planforslaget er sett av til friluftsformål. I føresegnene er område omtalt som friområde, her må ein velje eit formål eintydig. Vi rår også til ei oppmjuking av føresegna for området, ved at andre tiltak som fremmer friluftsliv og rekreasjon kan vere tillate i området, t.d. utplassering av benker/benkebord e.l.

Omsynet til naturmiljøet i sjøen er søkt ivareteke i planen, men omsynssone for bandlegging etter naturmangfaldlova skal nyttast for område som er verna i medhald av lova. I dette tilfellet vil nok det riktige vere å nytte omsynssone for bevaring av naturmiljø (SOSI-kode 560). Fylkesmannen kan gi nærare rettleiing om dette.

**Konklusjon**
Det er behov for nokre mindre endringar i føresegner og formålsbruk, som nemnt over. Vi etterlyser også ei grundigare drøfting av tilrettelegging for mjuke trafikantar i planområdet med nærområde.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Røynstrand
rådgivar

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

<u>Fagsaksbehandlar</u>
Automatisk freda kulturminne: fylkeskonservator Bjørn Ringstad, tlf. 71 25 88 41

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens vegvesen, Region midt